



## Referat frå møte i felles brukarutval 26.oktober 2020

**Tid:** Kl 11.00 - 16.00

**Stad:** Thon hotell, Førde

**Møteleiar:** Lisbeth Johnsen

**Referent:** Randi Holsen Solheim

Deltakarar		
Namn	Organisasjon	fråvær
Audun Nedrebø	FFO (HLF)	x - deltok i møtet med styret
Jan-Tore Odd	FFO (LHL)	
Liv Krognes	FFO (LPP)	
Åshild Helleset	FFO (MS-forbundet)	skype
Per Tollefsen	SAFO (NFU)	
Eldbjørg Lie	SAFO (NFU)	x
Frida Galaasen	SAFO	skype
Gro Indrebø	Rusettervernet	
Lisbeth Johnsen	Kreftforeningen – hjernesvulstforeningen	
Magnus Strand	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne	
Eiliv K. Berdal	Sogn og Fjordane pensjonistforbund	
Synnøve Solhaugen Engen	KS - Helse og omsorgsutvalet	
<i>Elin Therese Sørbotten</i>	<i>KS/Førde kommune</i>	
<i>Børge Tvedt</i>	<i>Helse Førde</i>	
Tid	Nr	Saker
11.00	26/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
11.05	27/20	Godkjenning av referat frå førre møte – ingen aksjonspunkt
11.05	28/20	Nye Førde sjukehus
11.35	29/20	Presentasjon masteroppgåve «gode pasientforløp» v/ interkommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten
12.00	30/20	Evaluering av lokale retningslinjer for felles brukarutval
Ca 12.30		Matykt - og beinstrekk
Ca 13.15	30/20	Evaluering av lokale retningslinjer for felles brukarutval – diskusjonen held fram
Ca 14.00	31/20	Årleg møte med styret i HFD
15.00	32/20	Open post - utvalet sin time - diverse/ eventuelt Aktuell oppnemning av brukarrepresentantar til prosjekt, råd og utval Deltaking i prosjektarbeid – erfaringsutveksling Aktuelt nytt frå sekretariatet

Nr	Referat
26/20	Innkalling og sakliste godkjend utan merknad
27/20	Godkjenning av referat frå førre møte – ingen aksjonspunkt
28/20	Prosjektdirektør Kjell Inge Solhaug presenterte oppdaterte planer for Nye Førde sjukehus. Her synte han til KOFA-handsaming av klage, og pågående prosess for samhandling med Veidekke. Når prosjektet no går inn i detaljeringsfasen er det aktuelt med brukarpåverknad dersom dette skulle syne seg nødvendig – sjå eigen PP-presentasjon.

29/20	<p>Interkommunal samhandlingskoordinator Elin Sørbotten presenterte eigen masteroppgåve om «gode pasientforløp». I oppgåva hadde Sørbotten denne problemstillinga; «<i>Kva faktorar spelar inn når kommunar tilsvarende like i demografi, størrelse og struktur endar opp med å handtere utskrivingsklare pasientar frå sjukehus ulikt?</i>» Både tema og presentasjon engasjerte forsamlinga, og Sørbotten fekk gode tilbakemeldingar på arbeidet sitt.</p> <p>Det vart også tid for noko refleksjon omkring om FBU kan bidra med å halde fokus i høve til at oppgåva konkluderer med at fragmenteringa av tenestene i hovudsak skjer ute i kommunane. Intensjonen med samhandlingsreforma var betre og meir koordinerte tenester, og når ein i staden vert vitne til auka fragmentering og truleg lengre forløp enn før, kan det vere grunn for at FBU engasjerer seg....</p> <p>Lenke til Sørbotten sin oppgåve;  <a href="https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/2673179/Kandidatnummer%20332.pdf?sequence=1&amp;isAllowed=y">https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/2673179/Kandidatnummer%20332.pdf?sequence=1&amp;isAllowed=y</a></p>
30/20	<p>Dei lokale retningslinjene for FBU var utsend til utvalsmedlemmane på førehand, og nestleiar foretok ein kort gjennomgang av innkomne forslag til endring. Etter ein noko detaljert diskusjon omkring ulike forslag, vart det teke avgjerd om at sekretariatet samanfattar framlegg til endringar, og at dokumentet vert distribuert til medlemmane for ytterlegare kommentar og felles godkjenning. Deretter vert utvalet sitt framlegg til reviderte retningslinjer lagt fram for koordineringsrådet for endeleg godkjenning.</p>
31/20	<p>Årleg møte med styret i HFD vart gjennomført med opning av skiljeveggen mellom møteromma. I samband med pandemisituasjonen vart det slik tilrettelagt for at alle deltagarane kunne oppretthalde ein-meter-avstand.</p> <p>I si velkomsthelsing til utvalsmedlemmane understreka styreleiar Agnes Landstad verdien av dette årlege møtet mellom FBU og styret. Ho synte til at styret vurderer det som viktig å ha kjennskap til kva FBU til ei kvar tid er opptekne av. Styreleia vende blikket attende til forrige møte, og korleis HFD har fylgt opp desse sakene.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontaktlege</li> <li>• Brukarmedverknad forsking</li> <li>• Alderspsykiatri</li> <li>• Pasientreiser</li> </ul> <p>Fagdirektør, utviklingsdirektør og klinikkdirектор PHV nyttar felles PP-presentasjon i si orientering om status i desse temasakene. PP-presentasjonen fylgjer som vedlegg til referatet.</p> <p>FBU hadde førehandsinnmeld to aktuelle saker til møteagendaen med styret:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Samval</li> <li>2. Covid 19</li> <li>- Smittevern og smittevernrutinar</li> <li>- Konsekvensar av smitteverntiltak for andre pasientgrupper</li> <li>- Langtidseffekt av Covid 19</li> <li>3. Medisinforsyning i helseføretaket</li> </ol> <p>Saksdokumentet frå FBU til styret fylgjer som vedlegg til dette referatet.</p> <p>Til sak 1 innleia Åshild Helleset, og ho starta med å presisere at samval er eit viktig tema under pasientens helseteneste. Det kan vere vanskeleg for helsepersonell å vite kva alternativ som passar best for ein pasient - fordi ein finn ikkje "det beste" alternativet utan å ta omsyn til pasienten sine personlege prioriteringar og korleis han ynskjer å leve livet sitt. Helleset syntet til nasjonal sjukehusplan som omtalar "pasienten som aktiv deltakar"/"kvar vil vi?", og at det skal vere sjølvsagt å stille spørsmålet «kva er viktig for deg?» når pasient og behandlar skal samvelje behandling. Ho syntet til FBU sitt ynskje om å vite meir om korleis Helse Førde jobbar med dette temaet, og på vegne av utvalet var fylgjande spørsmål spelt inn;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis jobbar Helse Førde med samvalsprosessen for å sikre at pasienten forstår konsekvensane av alternative val?</li> <li>• Korleis jobbar behandlar med å forstå pasienten sine personlege preferansar?</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis jobbar Helse Førde med at prosessen er lagt opp slik at konsekvensane av dei to førre punkta kjem fram og kan diskuterast og "forhandlast" om i fellesskap?</li> <li>• Kor går grensa mellom pasienten sitt ansvar og behandler sitt ansvar i denne prosessen?</li> <li>• Korleis sikrar Helse Førde at tilsette har tid og rom for å drive kontinuerleg betring på dette området?</li> </ul> <p>Utviklingsdirektør Anne Kristin Kleiven tok utgangspunkt i at samval er det norske omgrepet for «shared decision making» og vert definert som ein felles beslutningsprosess der den forskingsbaserte kunnskapen, helsepersonell sine erfaringar og brukaren si erfaring og preferansar vert brukt aktivt for å ta eit informert val. Det finns fleire typar digitale samvalsverktøy, og desse er tilgjengelege m.a på Helsenorge.no. I si orientering syntet Kleiven til at ein manglar målingar på korleis samvalsverktøyet vert nytta, men at det vert jobba med å skaffe ein oversikt på dette. Tema skapte engasjement, og både styrerepresentantar og utvalsmedlemmar nytta høvet til å delta i diskusjonen. Det vart peika på at samval, kommunikasjon og involvering er prosessar som tek tid, og at det er viktig med eit FBU som er forventningsfulle og kravstore. Styreleiar avslutta meiningsutvekslinga med å oppfordre FBU til å halde fram med å utfordre styret og HFD. For ytterlegare referatdetaljar vert det synt til Kleiven sin eigen PP-presentasjon om samval.</p> <p>Eiliv Berdal innleia til sak 2, og syntet til at utvalet sitt fokus er knytt til framtidige utfordringar i høve til smittevern og smittevernrutiner, konsekvensar av smitteverntiltak for andre pasientgrupper og likeverdig behandling uavhengig av diagnose. Han stilte også spørsmålsteikn ved om langtidseffekt av covid-19 kunne få konsekvens for pågående byggjeaktivitet, og han etterlyste status for medisinforsyning i helseføretaket. Fagdirektør Evy Helen Hellesteth hadde førebudd seg på de aktuelle spørsmåla og orienterte systematisk om pandemisituasjonen, og svarte på konkrete spørsmål. PP-presentasjonen til fagdirektør svarar systematisk ut spørsmåla og fylgjer som vedlegg.</p> <p>På tampen av møtet inviterte styreleiar Landstad til ei kort evaluering av samarbeidet mellom helseføretaket og FBU gjennom utvalsperioden. Ho utfordra utvalet til å komme med råd til styret. Her vart det peika på at brukardeltaking i dei mange ulike prosjekta ofte vert opplevd svært utfordrande, og at prosjektleiarane må vere aktive med involvering og kanskje også prioritere opplæringsøkter for brukarmedverknad. Vidare vart det peika på at systematisering av læring kan vere vanskeleg i ein såpass stor organisasjon, men at gode kvalitetssystem er viktig for at ein over tid skal kunne forvalte kunnskap og læring. Her vart det også stilt spørsmål ved om pasienten kunne involverast til å ta i bruk avvikssistema? Elles vart det stilt spørsmål ved FBU si plassering i organisasjonen, og det vart peika på at i motsetning til andre andre utval som t.d. kvalitet- og pasienttryggleiksutvalet, så er FBU temmeleg usynleg i organisasjonoversikta. Til det siste syntet administrerende direktør til HFD si nettside, og at intensjonen er at FBU skal vere synleg på det øverste nivået i organisasjonen, noko som også vert stadfestet gjennom klinikkdirektør Tvedt si rolle som representant for administrerende direktør. Elles vart styret oppmoda til å halde fast på møtedato og møtestad for fellesmøte mellom styret i Helse Førde og FBU slik at det kan planleggast i årshjulet. I tillegg vart det nemd at det kan vere aktuelt at FBU kjem med sak om intranett i neste utvalsperiode då fleire av brukarutvala i Helse Vest no er inne på intranett i sine føretak. Til sist takka styreleiar og administrerende direktør utvalsmedlemmane for samarbeidet generelt, og for det viktige arbeidet som har vore utført i felles brukarutval i funksjonsperioden.</p>
32/20	Open post - utvalet sin time – denne posten utgjekk pga tidsfaktor...